

# MÅNADSREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 2 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I denne breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk addresa over. Breva kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Temaa for dette nummeret er Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

## 2024 — KORNAVLINGER OG MATPRISER

6. desember i fjor la FAO fram sin siste prognose for kornavlingene i 2024. Ikke alle tall var rapportert, men så mange at hovedtrekkene er korrekt.

Kornavlingene i 2024 utgjør 2841 millioner tonn. Det er det nest høyeste i historia, 2023-avlingene var 0,6 prosent høyere. Maisavlingene utgjør 1217 millioner tonn, og hveteavlingene 789 millioner tonn. Mens maisavlingene har gått noe ned, er hveteavlingene stabile fra 2023. Risavlingene har økt noe pga. høyere priser.

Hvordan er utsiktene for 2025? Det vi har å bygge på, er høst- eller vinterhvete på den nordlige halvkula. I hovedtrekk har nedbørforholdene vært gunstige for såing. I deler av EU, spesielt i Sør-Spania, måtte såing utsettes på grunn av mye nedbør. I Øst-Europa og spesielt Russland har tørke utsatt spiring. I Ukraina har krigen utsatt såtidspunkt mange steder. Foreløpig ser avlingsforholdene gunstige ut både for hvete og ris i Asias gigantland Kina og India. Begge landene har også økt sin økonomiske støtte til kornproduksjon. Dette, sammen med høyere forbruk av sorghum og industriell bruk av mais tyder på at avlingene vil øke noe i det året vi er inne i, forutsatt relativt stabile værforhold og at det globale krigsomfanget ikke øker.

Verden tærer noe på kornlagrene. Etter de siste prognosene i 2024/25 vil de gå ned fra 30,8 til 30,1 prosent av årsavlingene fra 2024 til -25.

En langsiktig tendens i korntilgangen synes være at asiatiske land bygger opp noe større kornlager, mens lagerholdet går ned i Vesten. Det blir derfor også lagret mindre av de dominerende kornslagene i Vesten, mais og hvete, mens verdens risreserver, som i hovedsak er å finne i asiatiske land etter prognosene, vil øke med 2,6 % og til 204,5 millioner tonn.

På global basis var 2024 på et forholdsvis stabilt produksjonsår for korn. De mange og dramatiske periodene med tørke, branner og flommer som har rammet ulike regioner, har blitt oppveid av gode avlinger andre steder. Produksjonstall for ulike land og regioner viser således langt større variasjoner i forhold til det normale enn det disse tallene antyder.

Verdenshandelen med korn vil ifølge prognosene for 2024/25 utgjøre 484 millioner tonn. Med en totalavl på vel 2800-2900 millioner tonn innebefatter det at 16 prosent av verdens samlede kornproduksjon blir eksportert.

Prognosene tyder på en nedgang i verdens hveteandel på 5,4 prosent fra forrige sesong. Det forventes mindre hveteimport til Kina og mindre salg fra EU, Russland og Ukraina.

## SVAK NEDGANG I MATPRISENE

3. januar la FAO fram matindeks for 2024. Indeksene viser hvordan prisene på basismatvarer varierer fra måned til måned og år til år. I 2021 og 2022 steg matprisene dramatisk fra 98,1 i 2020 til 144,5 i 2022, altså med nesten 50 prosent. Størst utslag kom på grunn av Russlands invasjon i Ukraina i februar/mars 2022, med redusert kornekspor fra Ukraina og vestlig boikott av russiske varer. Etter det har prisnivået gått noe nedover, med en indeks på 124,5 i 2023 og 122 i 2024, men med økning i høst til 127 i desember. Grunnlaget, 100, er produksjon i årene 2014–2016.

Totalindeksen blir regnet ut fra fem delindeks, for kjøtt, melkevarer, kornvarer, vegetabilsk oljer og sukker og sukkervarer. For korn var det prisnedgang de to siste årene. Unntaket er ris, der større etterspørsel drev opp produksjonen. For kjøtt- og meieriprodukter har det vært en moderat prisoppgang. Deles indeksene mer opp, ser vi høyere noteringer for storfe-, får- og fjørkjøtt og lavere internasjonale priser på svinekjøtt. For meieriprodukter utgjør stigende smørpriser den store forandringen.

2023-tall fra FAO:

**2,33 milliarder mennesker**

er uten trygg, stabil og tilstrekkelig mattilgang.

Tallet inkluderer

**864 millioner mennesker**

med alvorlig matutrygghet.

FNs bærekraftmål er å utrydde sulten i verden innen 2030.

# OM ALLMENNINGAR OG ALLMENNINGSRETT

Den tid det var få menneske på kloden, var det nok land og vatn og hav med fiskefelt. Då fastare busetnad, husdyrhald og åkerbruk slo gjennom, vart naturen nær busetnadene privatisert, og etter kvart voks storsamfunn og statar fram med det å ta vare på privat eigedom til dei som kunne tilegne seg det, som ei av sine oppgåver.

Mange stader på kloden sette innbyggjarar seg mot at naturressursar som ferskvatn, hav med fiskefelt og utmarker skulle høyre til nokre få. Eigedommar vart verande allmenningar – alle sine eller alle i nærlieken sine – forvalta av felleskapet, og ofte strenge reglar for bruksmåtar. Og bruksrettar, som retten til å matfisk i vatn og elvar der næringsfiske var privat eller retten til å la driftedyr beite langs krøtterstigane (drifteslepene) i Norge eller die Oxenwäge i Tyskland og Nederlanda, var allmenningsrettar.

Med moderne rettsordningar blir allmenningar og allmenningsrett ofte skuvt til side. Men også i framtida kan allmenningstanken vere eit tenleg forvaltningsprinsipp, særleg for utmark og annan natur.

## ISLAND

Før vikingtida var Island ei nesten folketom øy. I åra frå 870 til 930 kom norrøne busetjarar, dei fleste frå Vest-Norge. Då dei gjekk i land, var øya dei kalla Island, skogdekt frå fjell til fjøre, står det i *Landsnámsbóka*. Truleg var det skog i firedele av landet. Med seg hadde busetjarane fem husdyrslag, kyr, hestar, grisar, sauher og geiter. Med seg hadde dei også kunnskapar om brenning av tre til kol, som kunne brukast for å utvinne jern av myrmalm, og om tre som byggjemateriale for hus. Men den naturen dei forlét, var stabil jord og skog i vestlandske fjordar, medan den naturen dei kom til, var sårbar og lett å bryte ned.

Då grisar grov i islandsk grasmark, geiter og andre beitedyr åt kratt og berkte tre, og tre var felte til ved, byggjetilfang og kolbrenning, vokser ikkje nyt opp. Skogen skrumpa inn til nesten ingen ting. Grasmarka var ikkje djup og stødig som på Vestlandet, men med vulkanoske, lett og utsett for vind. Når skog var felt, fekk vind betre tak, meir skog gjekk tapt, og meir vekstjord blés på havet. Med lite beitegras nær bustadene sende dei sauher og hestar til fjells, med det resultatet at også utmarker og fjellområde vart drivne ut over toleevna. Driftsmåtan ført landet inn i ei økologisk krise.

Ein gong i seinmellomalderen innsåg islendingane at driftsmåtan måtte endrast grunnleggjande. Dei gjekk saman og laga reglar for drifta av utmarkene. Utmarkene var allmenningar, land som

alle kunne bruke, men ingen overbruke. Kvar bonde kunne sleppe eit fastsett tal sauher. Samla dyretal og fordeling skulle avgjerast i fellesskap og ut frå kva naturen tolte, og slepp- og sanketid skulle vere sams.

Danmark, som då hadde fått styriingsrett over landet, protesterte. Dei sa at dyretalet måtte opp, at vekstjord burde brukast til korn og at konservativ islandsk mentalitet stod i vegen for nytenking. Dei skjønte ikkje at islendingane visste meir enn dei om sårbar natur. Heldigvis var det ei lang sjøreise frå København til Island og difor oftast råd å ignorere danske styresmakter.

## VALENCIA

Frå Island kan me dra til byen og landskapet Valencia på den spanske austkysten og med Roman Krznarics bok «Historie for fremtiden» som hovudkjelde. Kvar veke samlast *Tribunal de les Aigües*, vasstribunalet. Slik har det vore i 1300 år, så truleg er dette den eldste intakte juridiske institusjonen i Europa. Vatn er ein knappheitsressurs. Ni kanalar har kvar sin representant i tribunalet, valde av brukarane. Der blir bruken av tilgjengeleg vatn regulert, og viss einkvan skuldar ein frukt- eller husdyrbonde for å ha tappa vatn til eigne jorde utanfor tur eller brukte meir enn han har lov til, blir skuldinga lagt fram, vedkomande må forsvare seg, og sanksjonar kan bli vedtekne.

## ALLMENNINGENS TRAGEDIE?

I 1968 skreiv den US-amerikanske geografen Garrett Hardin om det han kalla allmenningens tragedie. Det som skjer der naturressursar, beiteområde, skogar, fiskeområde, ferskvatn til husbehov, husdyr og åkervatning eller jamvel avfalls-handtering eller utslepp til luft, er at enkelte nyttar dei på måtar som går ut over fellesskapet. Ei bygd har til dømes ein allmenningsskog der kvar enkelt husstand kan ta ut byggjetilfang og ved. Så tek éin rettshavar ut materialar til eit hus som er mange gonger så stort som dei andre husa. Eller éin husdyrhaldar går frå det vanlege med 30 eller 50 sauher og til 500. Då blir det mindre å dele for dei andre, og allmenningens tragedie oppstår.

Samfunn av moderne slag er baserte på privatisering og idear om teknologiske framsteg, men tragedien kan ikkje støgast med ny teknologi, privatisering eller strengare reglar. Allmenningar manglar ofte reglar som hindrar slike bruksmåtar, eller dei har lover og jamvel internasjonale avtalar set lokale ordningar ut av spel.

## ELINOR OSTROM

I 2009 fekk den US-amerikanske statsvitaren Elinor Ostrom (1933–2012) Nobels

minnepris i økonomi. Ostrom arbeidde mykje med allmenningar og brukte blant anna vasstribunalet i Valencia som døme. I økonomisk vitskap er ein sentral tanke at menneske i hovudsak vil maksimere personlege fordelar. Med forsking om allmenningar i ulike verdsdelar utfordra Ostrom denne tenkinga. I allmenningar er oftast fellesskapets interesser overordna eigeninteressene, skreiv ho.

For at allmenningane skal fungere godt, må lokalsamfunna vere med og utarbeide reglane, det må vere klare grenser for kven som kan nytte ressursane og sanksjonar mot dei som bryt dei. Avgjande er også at reglane blir respekterte og lagde til grunn av eksterne autoritetar.

## VATN

Trass denne innsikta og prisen til Ostrom blir naturressursar meir og meir privatise. Aller mest gjeld det vatn. Minst ein milliard menneske har usikker tilgang på vatn. I land etter land blir vassverk private, og vatn må kjøpast i staden for å vere tilgjengeleg for alle. Og det finst ikkje alternativ til vatn, som det ofte gjer med olje eller ved. Dei rikaste kan avsalte sjøvatn, fattigfolk har ikkje økonomisk evne til slike anlegg.

Kanskje mest dramatisk er det i Palestina. Seksdagarskrigen i 1967 var langt på veg var ein krig om vatnet frå Jordan-elva. Israel kravde å ta tredelen av vatnet. No mistar bonder og andre busette på Vestbreidda og Gaza brønnvatn fordi det statlege, israelske vasselskapet *Mekorot* tappar vatnet frå så lågt nivå at brønnane går tomme. Så må palestininarane kjøpe vatn frakta inn med tankbil til seg sjølv, til husdyr og planter – frå dei same kjeldeane som før fylte brønnane.

## ORDNINGAR OG REGLEAR

Allmenningar er av mange slag, tilpassa lokale forhold, og korkje statlege eller private. Dei har oftast oppstått nedanfrå i samfunnet. Ofte er reglane munnelege og ikkje innarbeidde i lands lover. Moderne samfunns vekt på privat initiativ, ekspansjon og vekst står i vegen for allmenningsordninga. Rettsreglar og lovverk blir forma ut frå statlege eller private interesser og ikkje ut frå den mellomtingen allmenningar oftast er, og ovanfrå meir enn nedanfrå.

Samtidig er allmenningar for naturressursar ofte den tenlege ordninga for å sikre folk tilgang på verdiar på måtar som kan vere i generasjonar og hundreår utan at det bryt ned naturen. Allmenningstenkinga må få sin renessanse i bygder, i politiske partier, nasjonal politikk og internasjonale avtalar. Denne tenkjemåten trengst når ni eller ti milliardar menneske skal få nok mat og vatn og forvalte naturen for komande generasjonar.

# EIT KRAFTTAK FOR MATTRYGGLEIK OG MATSUVERENITET

Me står overfor truslar mot mattryggelen som følge av klimaendringane og auka usikkerheit i verda. Risikoene for at framtidene skal bli endå meir prega av matmangel og alle dei problema som følgjer med matmangel aukar.

Tal frå FAO viser at verda dei siste åra ikkje har nærmast seg FNs berekraftsmål om å utrydde svolten i verda innan 2030. I 2023 levde mellom 713 og 757 millionar menneske under sveltegrensa.

Ein hovudtanke frå styresmaktene i vårt land synest vere at fordi Norge har god økonomi, kan me kjøpe meir mat utanfrå viss det trengst. I ei verd med matmangel er det ei lite solidarisk å ta maten frå dei som treng han betre. I krisesituasjonar vil dei fleste land og folk trengje maten dei produserer.

Norge har ei sjølvforsyning i normalt basert på eigne ressursar på under 40 prosent, 50 prosent om me reknar med matproduksjon på importert fôr. Dette er blant Europas lågaste. Me importerer korn til menneske og husdyr, sukkervarer, grønsaker og frukt og også meir og meir husdyrprodukt. Det meste av vår landbruksproduksjon er avhengig av straum, drivstoff, reservedelar, kunstgjødsel, sprøytemiddel og andre innsatsfaktorar som må importerast eller er usikre i kriser.

Me står overfor truslar mot mattryggelen som følge av klimaendringane og au-

kande usikkerheit i verda. Risikoene for at framtidene skal bli endå meir prega av matmangel og alle dei problema som følgjer med matmangel aukar.

Samfunn av vårt slag møter krigsriskoen no med sterkt satsing på militæret, såleis ein auke i forsvarsbudsjettet på nesten 20 milliardar i 2025 og vidare auke i åra framfor. Men eit forsvar er ikkje sterkare enn det svakaste ledet. Sviktar mattilgangen, er våpen og utstyr ei mager trøyst. Spreidd busetnad og matsikkerheit er noko av det viktigaste for beredskap og forsvarsevne.

I krafttaket som må til for å auke matberedskapen og matsuvereniteten, treng norsk landbruk:

- Fleire produsentar, og spesielt små produsentar.
- Fleire produksjonar på kvart bruk.
- Meir planteproduksjon.
- Meir bruk av utmarkene
- Lokal foredling og lagring
- Hjelpemiddel som gjer at drifta kan fungere i krisetider, som straumaggregat, jordkjellar til matlager, slipestein og reserveløysing for drikkevatn for folk og dyr.

Bonden må halde oppe beredskapen for samfunnets del like mykje som for eiga

drift. Difor må også samfunnet bidra til finansiering av arbeidet. Det kan gjerast med eit beredskapsstillelegg til bønder med fleire produksjonar, beredskapsplan og -utstyr og plikt til å bidra med mat ved behov.

I krafttaket treng det norske samfunnet også

- Ei aktiv satsing på hagebruk med produksjon av matplanter
- Kommunale beredskapsplanar med årleg gjennomgang
- Skulehagar og undervisning i matproduksjon, til dømes slakting i mat og helse.
- Fleire landbrukskular og undervisningsvekt på matproduksjon i krisetider

Prinsippet om matsuverenitet bør bli ein del av globalsamfunnets tenkjemåte og regelverk. Norsk Bonde- og Småbrukarlag ber våre styresmakter arbeide for alle lands matsuverenitet, både nasjonalt i vårt land og i internasjonalt samkvem.

Fråsegn vedteken av landsmøtet i Norsk bonde- og småbrukarlag 2024.



# STEIN BRUBÆK TILBAKE I INTERNASJONALT UTVAL I NBS

Margit Fausko trekte seg som leiar i Internasjonalt utval i fjor haust, fordi ho i ein periode må prioritere å overta heimegarden. Stein Brubæk, 70 år gammal småbrukar på garden Brubakken i Angvik i Gjemnes på Nordmøre, vart vald. Han er både ny og gammal i Internasjonalt utval. Han var utvalsleiar i ei årrekke tidleg på 2000-talet.

## - Kvifor, Brubæk, går du på ein ny periode no?

- Internasjonalt arbeid i NBS er av det politiske arbeidet som har gitt meg mest og som har vore mest lystbetont. Og dei siste åra har så mykje endra seg når det gjeld rammene, at sjølv om eg ser innvendingar mot gjenbruk av tillitsvalde, har eg både lyst og meiner eg har noko å bidra med.

Det eine som har endra seg, er at me tek til å få aksept for lokal matproduksjon. Då eg byrja som bonde midt på 1980-talet, var kompetansen liten i å foredle landbruksprodukt lokalt, og slik satsing var uønskt, latterleggjort og mykje av det ulovleg. Med verdiskapingsprogrammet, REKO-ringane, Bondens Marknad og alt rundt det er situasjonen langt betre i dag.

Det andre som har endra seg, er at totalberedskap igjen har vorte eit sentralt politisk spørsmål, i vårt land og i dei fleste land. Dette må ikkje minst gjelde matberedskap. Krigar kan nå oss, pandemiar like eins, og dramatiske naturendringar kan finne stad, meir no enn før på grunn av oppvarminga.

Skal me og andre land bli i stand til å førebu oss godt, må internasjonale regelverk endrast. WTO- og EØS-ordningane er utforma på tidleg 1990-talet, tretti år sidan altså, då den kalde krigen var i sluttfasen og mange såg global frihandel som framtida. I dag er dette utdatert tenking. Skal me vere sikra mat framover, må ei anna forståing til. Nasjonal matsuverenitet må ligge i botnen. I dette har me i NBS ei forståing som stordelen av den politiske eliten manglar. NBS er ikkje lenger ein utkant i landbruk og politikk, me er ein fortropp. Fleire og fleire tek til å skjøne at me representerer framtida med tankar om agroøkologi, matsuverenitet, auka matproduksjon, rett til importvern og støtte til lokal foredling.

## - Du har ei fortid i kommunal forvaltning. Kvifor hamna du i landbruket?

- Ja, eg er utdanna byråkrat og arbeidde lenge som, helse- og sosialsjef i kommunen. Men eg har reist mykje rundt i verda og sett verdien av lokalt tilpassa matproduksjon og behovet for å ta dette inn i framtidia. Det, og ikkje minst at eg gjennom småbrukar-

laget vart med i arbeid i den internasjonale småbrukarorganisasjonen La Via Campesina, fekk meg til å sjå samanhengar, til å tenkje globalt og handle lokalt.

Det gjorde meg meir og meir oppteken også av våre lokale tradisjonar, ikkje minst av seterdrifta. Det å ha buskapen på seter, ofte ti-tjue timar unna heimstaden og utan veg, og der produsere mat både for eigen familie og til sal for å gi nødvendige kontantinntekter til garden, stilte veldig krav både til arbeidskompetanse og kunnskapar, særleg hos budeiene. Med nedgangen i seterdrifta rakna mykje av dette.



Då eg byrja som bonde, ville eg ta vare på og bruke gamle kunnskapar. Eg lærte av eldre budeier og utøvarar som framleis dreiv, og eg famla meg fram. Dei eldre budeiene laga av verdas beste ostar, og litt av deira kunnskapar har eg fått med meg.

Gardsdrifta no er med kyr og geiter, med eige meieri, lokal slakting og med seter og mykje sal på setra. Eg sel også varer i REKO-ringen, i butikkar, på Bondens marknad og bygdedagar og messer. Det blir kanskje hundre reisedagar i året. Alle produkt frå garden blir altså selde direkte.

Fordi eg er så mykje borte og også har vore mykje engasjert i politikk, i Senterpartiet og Norsk Seterkultur attåt NBS, har eg hatt fast tilsett hjelp i fjøset.

Matproduksjon krev kontinuitet, og no har eg trappa ned politisk arbeid og koncentrerer meg meir om gardsdrifta og alt knytt til den. Eg er såleis for det meste sjølv på setra ved Aursjøen, med dyreplass, mjølkking, koking og sal av rømmegraut og andre seterverrar og historieforteljing. Og ja, det går godt rundt, 2024 var eit godt år, og

garden Brubakken er av dei få i bygda som framleis har full drift.

## - Du bearbeider og sel altså direkte eller via lokale bedrifter. Kvifor det?

- Det er slik me må førebu oss på ei usikker framtid. Mine dyr får ikkje soyamjøl, men rikeleg med grasfør og litt kraftfør frå lokal mølle. Naturkatastrofar eller krigshandlingar gjer at det, for oss som for dei fleste land, ikkje er nok å tenkje matproduksjon i landet. Er vegen lang til stormeieri, slakteri og butikkar, risikerer me at maten ikkje kjem fram, fordi vegar er stengde, fordi

transporthøvet med tilgang til drivstoff og reservedelar ikkje er der, fordi straumen til storanlegg er broten eller eitkvart slikt. Me får ikkje god mattrøygleik om me ikkje er i stand til å konserve ferskvarene til langtidshaldbar mat.

Ikkje misforstå meg, eg tek ikkje til orde for mange gardsmeieri som her, det bør vere unntak, men for at lokale foredlingsbedrifter og helst samvirkebedrifter, med kort inntransport og der tilsette skaffar seg innsikt i matbehandling, bør bli normalen. Og gardane må bli så uavhengige av innsatsfaktorar utanfrå som råd.

Norske styresmakter har lenge pratta om nasjonal matproduksjon, men ikkje tenkt tanke-rekkja til endes. Det same gjeld mange andre land. Produkta våre må nå fram til bearbeiding og attende til forbrukarane, elles hjelper det lite i ein krisituasjon med høgare sjølvforsyningss prosentar.

Norske bonder og budeier hadde kunnskapar om foredling og lagring, mange bonder i andre land har det også. Når Norge til hausten skal vere med og førebu FAO-konferanse om global mattrøygleik, må slik tenking vere eit viktig innspel frå vår side.

**INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2025**

**Leiar Stein Brubæk, e-post stein359@gmail.com**

**Jens Erik Furulund, e-post jens-erik.furulund@gmail.com**

**Heidi Hogset e-post Heidi.Hogset@hiMolde.no**

**Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com**

**Olav Randen, e-post boksmia@online.no**